

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 20. mars 2019

Tidspunkt: kl. 0900 – 1200

Som medlemmer møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Edel K. Goksøyr, Truls Håbakk og Ole Andreas Sæther

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Margareth Leinebø og Anne Holstad

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre: Revisor Einar G. Løkken (under behandlinga av årsrekneskapet)

Saker som vart handsama: Sak nr. S10/19 – S16/19

Vedtakssaker:

SAK NR S10/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S11/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 24. JANUAR 2019

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 24. januar 2019 vart godkjend og signert.

SAK NR S12/19 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPET FOR 2018

Vedtak, samr.:

Styret er godt fornøgde med drifta for året som gjekk, og vedtar rekneskapet for 2018.

Revisor si beretning vil bli lagt til i saka. Styret anbefaler representantskapet å vedta årsrekneskapet for 2018 og revisor si beretning.

Styret har – som tidlegare år, og også i 2018 – hatt eit spesielt fokus på fordelingsnøklar og at desse skal vere korrekte, og er i den samanheng godt fornøgde med samarbeidet med revisor. Revisor bekrefta at arbeidet med fordelingsnøklar var gjennomgått under revisjonen.

SAK NR S13/19
GODKJENNING AV EIGARMELDINGA FOR 2018

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner eigarmeldinga for 2018, med dei endringane som kom fram på møtet, og anbefaler representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

SAK NR S14/19
GODKJENNING AV NY STRATEGIPLAN

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner utkastet til ny strategiplan for perioden 2019 - 2022, med dei endringane som kom fram på møtet, og tilrår at representantskapet gjer det same på møtet sitt i mai 2019.

Orienterings-/drøftingssaker:

SAK NR S15/19
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Lønnstala pr. mars 2019.
- Status for selskapskontrollen.
- Situasjonen i slammmarknaden.
- Status for strategiske saker i arbeid.
- Forslag om å slå saman styremøta 25/9 og 10/10 (2019), til kun 10/10-19.
M.a.o. avlyse det oppsette styremøtet 25/9-2019.

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande. Styremøtet 25/9-2019 blir halde etter planen, men utan rekneskapet pr. 31/8-2019.

SAK NR S16/19
SAKLISTE TIL MØTET I REPRESENTANTSKAPET 23/5-2019

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande. Styret kom også med innspel på kva som er viktig å drøfte med eigarane når det gjeld forureiningsansvaret – som er orienteringssak under representantskapsmøtet i mai d.å.

Signaturar neste side.

Styreprotokoll, 20. mars 2019, forts.:

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 20. mars 2019

George Fulford
styreleiar

Håkon Vestnes
nestleiar

Edel K. Goksøyr

Truls Håbakk

Ole Andreas Sæther

Einar Heimdal
dagleg leiar